

# Temaplan Leve heile livet

2023 -2025

Ulvik herad



**Ulvik herad**  
*Perla i Hardanger*



## Innhald

Temaplan for leve hele livet – Ulvik kommune.....	3
Bakgrunn .....	3
Utarbeiding av temaplan .....	3
Mål og målgruppe for leve hele livet.....	3
Grunnleggjande føringar.....	4
Sentrale føringar .....	4
Kommunale planar som vil verta påverka av Leve heile livet .....	4
Planar under arbeid som vil verta påverka av Leve heile livet .....	4
Utfordringsbilete .....	5
Innsatsområda i leve hele livet reforma .....	7
Innsatsområde 1 - Aktivitet og fellesskap .....	7
Innsatsområde 2 - Mat og måltid .....	8
Innsatsområde 3 - Helsehjelp.....	9
Innsatsområde 4 - Samanheng i tenestene .....	10
Innsatsområde 5 - Eit aldersvenleg Ulvik.....	11

## Temaplan for leve heile livet – Ulvik herad

### Bakgrunn

I 2018 lanserte regjeringa Stortingsmelding 15 (2017-2018) Leve heile livet – Ein kvalitetsreform for eldre. Leve heile livet er ein kvalitetsreform som skal bidra til at eldre kan meistre livet lengre og ha ein trygg og aktiv alderdom. Leve heile livet består av 25 konkrete og utprøvde løysningar fordelt på 5 hovudområde kor det ofte sviktar i tilbodet til eldre i dag. Reforma leggje opp til at kommunar skal ta stilling til korleis tiltaka i Leve heile livet kan utformast og gjennomførast lokalt, og deretter innarbeida dei i planverka sine og setja reforma ut i livet.

### Utarbeiding av temaplanen

I september 2021 vedtok Ulvik herad oppstart av arbeidet med plan for leva heile livet reforma. Med utgangspunkt i Stortingsmelding 15 (2017-2018) Leve heile livet har Ulvik herad laga ein temaplan for Leve heile livet reforma. Den er delt opp i kapittel etter reforma sine fem innsatsområdet . Kwart kapittel byggjer på utfordringar og tiltak som er forklart i Stortingsmelding 15 (2017-2018) Leve heile livet. Status for innsatsområda og tiltaka som er spesifikke og relevante for Ulvik herad er vidare utgreia.

Temaplanen er utforma av helse og omsorg, og gjennomgått av:

- Seniorråd
- Rådet for funksjonshemma
- Kommunalsjef helse og omsorg
- Næring og reiselivssjef
- Kommunalsjef plan, eigedom og teknikk
- Økonomisjef
- Fysioterapi tenesta
- Kommuneoverlege

Ulvik herad har mange av tiltaka i leve hele livet reforma på plass. Føremålet med temaplanen er å lage ei oversikt over mål og tiltak som vidare skal integrerast i relevant planarbeid til kommunen. Spesielt må mål og tiltak frå temaplanen integrerast når samfunnsdelen av kommuneplanen skal rullerast. Leve hele livet reforma varer til 2025, men kommunen må planlegga langsiktig for å finne gode løysingar. Difor vil mål og tiltak frå leve hele livet reforma leggja eit godt grunnlag for vidare planarbeid for å sikre ein trygg og aktiv alderdom for eldre i Ulvik herad.

### Mål og målgruppe for leve heile livet

Målet med reforma er at eldre kan meistra livet lenger og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Meir konkret skal Leve hele livet bidra til:

- at eldre får fleire gode leveår der dei held god helse og livskvalitet, meistrar eige liv og får den helsehjelpa dei treng, når dei har behov for den
- pårørande som ikkje blir utslitt, og som kan ha en jamn innsats for sine nærmaste
- tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, der dei får nytta kompetansen sin og får gjort ein fagleg god jobb
- redusert uønskt variasjon i kvaliteten på tenestetilbodet i og mellom kommunar

Målgruppa for reforma er alle eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur på institusjon. Reforma har fem innsatsområde:

1. Aktivitet og fellesskap
2. Mat og måltid
3. Helsehjelp
4. Samanheng i teneste
5. Eit aldersvennleg Norge

På kvart av innsatsområda legg reforma fram fem utfordringar og fem forslag til løysningar. Temaplanen for leve hele livet i Ulvik herad byggjer på reforma sine innsatsområde med utfordringar og løysingar.

### Grunnleggjande føringar

Temaplanen for leve hele livet i Ulvik herad har tett tilknytning til sentrale og lokale føringar. Ulvik herad skal integrere Leve heile livet-vedtaka i all relevant planarbeid til kommunen.

### Sentrale føringar

- Kvalitetsreforma for eldre: «Leve hele livet» (St.meld 15: 2017-2018)
- Kompetanseløft 2025
- Samhandlingsreforma (2012)
- Fremtidens primærhelsetjeneste: nærhet og helhet (St.meld 26: 2014 – 2015)
- Omsorgplan 2020
- Demensplan 2025
- Nasjonal ernæringsstrategi: God og riktig mat hele livet (2021)
- Lindrende behandling og omsorg: “Vi skal alle dø en dag, men alle andre dager skal vi leve” (St. Meld 24: 2019 - 2020)
- Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten (2019)
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Handlingsprogram for folkehelse 2022-2025
- Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 (under høyring)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional transportplan 2022-2033 – strategi for mjuke trafikantar
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2033

### Kommunale planar som vil verta påverka av Leve heile livet

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2009-2020 (revideres)
- Budsjett og økonomiplanar
- Psykisk helsevern 2007-2010 (reviderast)
- Kommuneplan for Idrett og frilufsliv
- Kommuneplanen sin arealdel
- Bustrategisk plan 2012 (reviderast)
- Folkehelseplanen 2019 (reviderast)
- Kommunedelplan for helse og omsorg 2013-2040


### Planar under arbeid som vil verta påverka av Leve heile livet

- Habilitering og rehabiliteringsplan NY
- Demensplan 2023 (NY)
- Plan for ergo- og fysioterapitenesta (NY)
- Plan for legetenesta (NY)
- Reguleringsplan for sentrum/Brakanes (reviderast)
- Ruspolitisk handlingsplan 2023 – 2026? (NY)

## Utfordringsbilette

Me ventar ei auke av eldre i tida framover, men ikkje tilsvarende auke i helsepersonell.

Fig 1: Aldersbæreevne på landsbasis (Kjelde: KS)




Løysingane for innsatsområda i leve hele livet er viktige verkemidla for å møte utfordringar i helse- og omsorgstenestene, og for å auka kvalitet på helsetenestene. Leve hele livet reforma skal gje eldre moglegheit til å bu lengre i heimane sine, at dei kan ta eigne val og vera lengst mogleg sjølvstendig og oppleve meistring. Satsing på førebygging og meistring vil vera særleg viktig i tida som kjem.

Utviklinga viser at morgondagens eldre vil ha betre helse enn tidlegare generasjonar og at det er dei siste åra av livet at hjelpebehovet er størst. På same tid ser me eit meir komplekst sjukdomsbilette hos dei som er sjuke. Psykiske lidningar som depresjon og angst aukar og i denne aldersgruppa. Den tydelegaste utviklinga ser me i auken på tal eldre med demens. Brukarane sine behov skal setjast i sentrum for utvikling og endring.

Figur 3: Framskriving av årsverkbehov (Kjelde: KS)

Figuren under viser at dersom vi ikke gjennomfører nødvendig omstilling og finner nye bærekraftige måter å løse oppgavene på, vil fremskrevet årsverksbehov se slik ut allerede i 2031:



Oppleving av kva som er ein «god alderdom» vil vera ulikt frå person til person. Ulvik vil lytta til innbyggjarane og leggja forholda best mogleg til rette for at alle skal oppleva ein god og verdig alderdom. Alle har rett til individuell behandling og alle har rett til å medverke i utforminga av egne tenester. (Refererer til kvam herad sin temaplan 2021-2024). Ulvik herad har i 2022 og 2023 deltatt på læringsnettverket til KS kalla “Gode pasientforløp”. Her har fokuset på spørsmålet “Kva er viktig for deg?” vært i fokus. Dette spørsmålet har blitt implementert i fleire skjema for samtalar imellom pasient og helsepersonell i Ulvik herad.

Tilrettelegging og utvikling av byrom er ikkje tilstrekkeleg. Det er mangel på benkar og bord i uterom. Dei eksisterande utemøblar er utdatert eller dårleg tilrettelagt. Heradet må ha fokus på allergivennleg planter i offentleg blomebed og liknande, og benkar tilgjengeleg heile året. Skilting og informasjon har stort forbettringspotensiale.

Samfunnet vert stadig meir digitalisert, men det er framleis grupper i befolkninga som har lågare digital kompetanse enn gjennomsnittet, og det gjeld ikkje berre dei eldste. Samfunnet vert stadig meir mangfoldig. Dermed har dei som er i gruppa «eldre» meir ulike med omsyn til sosial, språkleg, kulturell og religiøs bakgrunn enn før.

## *Innsatsområda i leve heile livet reforma*

Nasjonale hovudutfordringar, status for innsatsområda, samt mål og tiltaka som er spesifikke for Ulvik herad er utgreia i kvart kapittel.

### **Innsatsområde 1 - Aktivitet og fellesskap**

Leve hele livet er ein reform for aktivitet, deltaking og sosialt fellesskap. Målet er å ta vare på eldre sitt forhold til familie, venner og sosialt nettverk og skape gode opplevingar og møter på tvers av generasjonane. Fysisk, sosial og kulturell aktivitet skal være tilpassa den enkelte eldre sine interesser, ynskjer og behov. Når livet blir ekstra sårbar, skal eldre få moglegheit til samtale, motivasjon og støtte.

#### *Nasjonale hovudutfordringar for aktivitet og fellesskap:*

- Einsemd blant eldre relatert til endringar i livssituasjon, partner død, endra helsetilstand og funksjonsnivå
- Inaktivitet og aktivitetstilbod som ikkje er tilpassa individuelle ynskjer og behov
- Manglande ivaretaking av sosial, kulturelle og eksistensielle behov
- Lite systematisk samarbeid mellom helse- og omsorgstenestene og frivillige/sivilsamfunn
- Manglande møteplassar, samlokalisering og digitale generasjonsskilnadar

#### *Status aktivitet og fellesskap i Ulvik herad*

I Ulvik herad vart det bygd ny sjukeheim i 2019, omsorgstunet er ein integrert del av lokalmiljøet i sentrum av Ulvik. Omsorgstunet er lys og moderne, med store glas som har utsikt mot fjord og fjell. Ulvik omsorgstun har ved hjelp av tilskotsmidler tilsatt midlertidig to til fire forkostværter/ aktivitører. Dette er ein viktig ressursfor å setje opp sosiale tiltak for bebuarar på institusjonen.

Heimebuande eldre i Ulvik har fleire frivillige og kommunale tilbod, men det manglar ein oversikt over tilboda. Kommunen må aktivt inn å informere/ reklamere for “Friskus” og aktivt bruke informasjonstavlene lokalisert rundt i sentrum. Det må aktivt bli arbeida med kommunen si heimeside, og alle i redaksjonsgruppa må løpande få informasjon om tilbod eller endringar i tilbod.

Eldre bør få tilbod om fysisk trening og aktivitet både som førebyggjande, behandlande og rehabiliterande. I dag er det tilsett to kommunale fysioterapeutar i kvar sin 100% stilling og ergoterapeut i 60% stilling, som tilbyr behandling, habilitering og rehabilitering til innbyggjarane i alle aldra, i kommunen. Det er ikkje behov for henvisning for å ta kontakt.

Ulvik herad har tidlegare drifta frisklivssentral, men tilbodet vart nedlagt grunna lite etterspurnad. Eit frisklivstilbod forankra i fysioterapitenesta, i interkommunalt samarbeid med Voss herad og Eidfjord kommune vil kunne vere ein meir berekraftig løysing for Ulvik. I 2022 fekk Ulvik herad innvilga 100 000 kr i prosjektmidlar ifrå Vestland Fylkeskommune for å starte arbeide med lokale frisklivstilbod. Tilbodet vil i fyrste omgang drifta av prosjektmidlar ifrå Vestland fylkeskommune, då ein kan sjå på kva kurs og tilbod som kan passe for innbyggjarane i Ulvik herad. Det må søkast om midlar kvart år. Målet på sikt er at dette skal driftast av kommunale midlar, være kurs basert og forankrast i kommunal fysioterapiavdeling. Tilbodet vil være lavterskel for alle over 18 år. Tidsramma for prosjektet er satt frå 2022 til 2025. Det vil bli laga ein rapport i slutten av prosjektet med kva satsningsområdet Ulvik friskliv og meistring vil fokusere på lokalt og kva som kan være tilbod som kan være eit interkommunalt samarbeid med Voss friskliv og meistring. Det blei i 2022 inngått eit interkommunalt samarbeid om kurstilboda med Voss herad for prosjektperioden.

### Mål og tiltak for å møte utfordringane i aktivitet og fellesskap

Mål	Ansvar/teneste	Tidsrom	Tiltak
vedlikeholde friskus.no i Ulvik	240 Teneste	2022-2025	Publisere tilboda på Ulvik herad si nettside.
Etablere frisklivstilbod	Einingsleiar helse og omsorg  Fysioterapiavdelinga (Ulvik friskliv og meistring)	2022-2025	Det er etablert ei arbeidsgruppe som skal arbeide med å etablere frisklivstilbod forankra i fysioterapiavdelinga. Tilbodet skal kartegge kva behov for frisklivskurs som kan settast i verk lokalt i kommunen og kurs som kan vera ein del av eit interkommunalt samarbeid med Voss herad.
Kartlegge psykisk helsetilbod til eldre	Einingsleiar helse og omsorg	2023	Kartlegge og publisere oversikt over eldre sitt tilbod til samtale, motivasjon og støtte når livet vert ekstra sårbart. Tilbod som manglar skal utredast og ev. setjast i gang.
Auka samarbeid mellom helse og omsorg og frivillige organisasjonar i Ulvik	Einingsleiar helse og omsorg	2023-2025	Fokus på å styrke samarbeid mellom eldrerådet, frivillig aktivitet og helse og omsorg.
Støttekontakter Auke antal fritids og treningskontakter i herader	Einingsleiar helse og omsorg	2023-2025	Fokus på å styrke tidlig innsats

### Innsatsområde 2 - Mat og måltid

God mat er grunnleggande for god helse og livskvalitet heile livet. Målet er å skape gode måltidsopplevingar og redusere underernæring. Eldre skal få næringsrik mat som både ser god ut, luktar godt og smakar godt. Maten skal være tilpassa den enkelte sitt behov og serverast i ein hyggeleg ramme. Mange eldre meiner at gode måltid er eit av kvardagens viktigaste hendingar. Eldre bør få større moglegheit til å velgje kva dei vil ete, og når dei vil ete og dele eit godt måltid med andre.

#### Nasjonale hovudutfordringar for mat og måltid:

- Manglande systematisk oppfølging
- Manglande sosialt fellesskap og lite vektlegging av måltidsomgjevnadar
- Få måltid og lang nattfaste
- Lite mangfald og valfriheit
- Lang avstand mellom produksjon og servering

#### Status for mat og måltid for eldre i Ulvik herad

Reforma forslår fem løysingar for å møte utfordringane for mat og måltid.

- Det gode måltidet
- Måltidstider
- Valgfrihet og variasjon
- Systematisk ernæringsarbeid
- Kjøkken og kompetanse lokalt



### Mål og tiltak for å møte utfordringane for mat og måltid i Ulvik herad

Mål	Ansvar	Tidsrom	Tiltak
Sikre god ernæringspraksis for heimebuande eldre og eldre på institusjon (systematisk ernæringsarbeid)	Ass. Kommunalsjef i omsorg ernæringsgruppe i PLO	2023-2025	Opprette ei næringsgruppe
Sikre sosialt felleskap ved måltid for heimebuande eldre	Avdelingsleiar omsorg Kjøkkenleiar	2022-2025	Eige prosjekt i helse og omsorg med tilskot frå helsedirektoratet
Sikre sosialt felleskap ved måltider for bebuarar i institusjon.	Avdelingsleiar omsorg Fagsjukepleier Kjøkkenleiar	2021-2025	Høstfest med pårørende. Jule koldtbord for avdelingane. Flytte lunsjen ut i kantinen en gang i mnd.

### Innsatsområde 3 - Helsehjelp

Leve hele livet er ein reform for å skapa dei eldre sine helse- og omsorgstenester, der det viktigaste spørsmålet er: kva er viktig for deg? Eldre skal føle seg verdsett og bli involvert i slutningar som angår dei sjølv. Eldre skal få moglegheit til å leve heime så lenge som mogleg og få støtte til å meistre kvardagen, på tross av sjukdom og funksjonssvikt. Samtidig skal dei ha trygghet for å få hjelp når dei treng det. Når livet går mot slutten, skal eldre få god lindrande omsorg og pleie.

#### Nasjonale hovudutfordringar for helsehjelp:

- Manglande merksemd på meistring og førebygging
- Dårleg oversikt over samansette behov og problem
- Lite bruk av fysisk aktivitet og trening
- Manglande bruk av nye behandlingsformer
- Lite systematisk kartlegging og oppfølging av den enkelte

#### Status helsehjelp for eldre i Ulvik herad

Ulvik herad har ein moderne omsorgstun bygd i 2019. Det er innført fleire velferdsteknologiske løysingar på sjukeheimen som gjer kvardagen enklare og meir effektiv for personale. NetNordic er Ulvik herad sin leverandør av velferdsteknologiske løysingar. For tida held ein på å oppjustere velferdsteknologiske løysingar som skal gjere kvardagen enklare for brukarar og personale i heimesjukepleien. Ulvik herad ynskjer å ta bruk kjernejournal som er ein digital løysning for deling av pasient helseopplysningar på tvers verksemder og nivå i helsevesenet – i pasientens kjernejournal kan helsepersonell sjå dei same opplysningane uavhengig av om dei jobbar som fastlege, på sjukehus eller legevakt. Ulvik herad er i tillegg medlem av E-helse Vestland. Prosjektet har som visjon at alle innbyggjarane skal kunne bu lengst mogleg heime i alle deler av Vestland fylke, støtta av velfungerande tenester bygd på velferdsteknologi i alle kommunane. Helse og omsorg har for tida fokus på kommunen sitt tilbod innan rehabilitering og førebyggjande arbeid. Her er det satt ned ei arbeidsgruppe som aktivt skal arbeide med temaet. I tillegg arbeider helse og omsorg aktivt med kompetanseheving innafor demens.

### *Mål og tiltak for å møte utfordringane for helsehjelp*

Målet for løysingane er å auke meistring og livskvalitet, forebygge funksjonsfall og gje rett hjelp til rett tid:

Mål	Ansvar	Tidsrom	Tiltak
Ta i bruk velferdsteknologiske løysingar	Einingsleiar helse og omsorg Intern velferdsteknologigruppa	2023-2025	Kjøpe inn og implementere digitale trygghets alarmer Delta i ressursgruppa i E-helse Vestland
Auka satsing på rehabilitering	Einingsleiar helse og omsorg Intern rehabiliteringsgruppe	2023 – 2025	Skrive og publisere plan for rehabilitering
Auka satsing på demensomsorg	Einingsleiar helse og omsorg	2023-2025	Implementere NEWS Planlegge demensplan
Starte og drifte Førebyggande heimebesøk	Einingsleiar helse og omsorg Intern rehabiliteringsgruppe	2023-2025	Intern rehabiliteringsgruppe planlegg og startar opp førebyggande heimebesøk.
Samhandling med spesialisthelsetenesta	Einingsleiar helse og omsorg	2023 – årleg	Sikre god kunnskap om samhandlingsavtalar og tenesteavtalar Delta i fagnettverk og samarbeidsprosjekt
Målretta bruk av fysisk trening	Einingsleiar helse og omsorg	2023-2025	Kartlegge tilbod om fysisk trening og aktivitet som førebyggande, behandlande og rehabiliterande tiltak.

### **Innsatsområde 4 - Samanheng i tenestene**

Leve hele livet er en reform for å skapa eit meir samanhengande tenestetilbod for eldre og deira pårørande. Målet er å gje eldre auka trygghet og forutsigbarheit i pasientforløp og overgangar, få færre hjelparar å forholde seg til og oppleve større grad av kontinuitet i tilbodet. Målet er også å ta vare på dei som tar vare på sine nærmaste, og gje støtte og avlastning, slik at de ikkje slit seg ut.

#### *Nasjonale hovudutfordringar for samanheng i tenestene:*

- For lite personsentrert tilnærming
- For lite avlastning og støtte til pårørande
- Manglande kontinuitet og trygghet, for mange tilsette å forholde seg til og usikkerheit om og når hjelpa kjem
- For mange brot og krevjande overgangar mellom tenestetilbod i kommunane
- For lite kontinuitet og trygghet i overgangen mellom de ulike tenestenivåa.

#### *Status samanheng i tenestene for eldre i Ulvik herad*

Ulvik er ein liten og oversikteleg kommune med eitt Omsorgstun og eitt legekantor. Tilhøva ligg godt til rette for kommunikasjon mellom lege og pleie- og omsorgstenestene, elektronisk eller per telefon om brukarar som har eller treng tenester frå samarbeidande personell. Fokusområde for Ulvik bør liggje på samanheng i tenestene mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta, samt samarbeid med andre

kommunar. Ulvik herad deltek i Områdeutvaler for Voss, som er del av samhandlingsstrukturen “Helsefellesskap” mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Dette er ein nyttig og viktig samhandlingsarena for kommunen.

#### *Mål og tiltak for å møte utfordringane for samanheng i tenestene i Ulvik herad*

Mål	Ansvar	Tidsrom	Tiltak
Kartlegge utfordringar Ulvik herad har for samanheng i tenestene	Kommunalsjef helse og omsorg	2023-2025	Setje tiltak i gang, og implementere i kommunale planer.
Ta i bruk velferdsteknologiske løysingar for å sikre kontinuitet og trygghet hjå eldre.	Kommunalsjef helse og omsorgs	2022-2025	Kartlegge, implementere og drifte nye velferdsteknologiske løysingar.

#### **Innsatsområde 5 – Eit generasjonsvenleg Ulvik**

Ulvik herad må planlegga for eit samfunn med mange fleire eldre:

- Bustader og bufellesskap me kan bli gamle i
- Skikkelege transportordningar for eldre
- Universell utforming av bygningar, teknologi, transport, informasjon og fysiske omgjevnader
- Gode turtilhøve i nærmiljøet
- God belysning
- Godt med benkar og anna tilrettelegging
- Bruk seniorressurs i planlegginga – medverknad
- Bruk ergo- og fysioterapi tenesta i planlegginga

#### **Innsatsområde 5 – Eit generasjonsvenleg Ulvik**

Leve hele livet reforma krevjar tilrettelegging i arealplanar, difor er viktig med eit godt samarbeid mellom teknisk og helse på desse områda, men også generelt på tvers av fagfelta i kommunen.

I samband med punkt over har me nemnd kommuneplanen sin arealdel. Denne vil vera viktig for å kunna tilretteleggja for eit aldersvenleg Ulvik i samarbeid med helse med tanken på fysisk aktivitet og digitale løysingar. Her ligg overordna føringar for kommunen sin arealbruk. Planen legg føringar gjennom føresegner knytt til korleis og kva elementer som skal etablerast i kommunen i framtida. På blokka har me fleire rulleringer av planar, no har me akkurat starta opp arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel og me vonar ar arbeidet er ferdig innan utgangen av 2023.

Per i dag har me plan for turruter for for Ulvik. Nasjonalt er det satt i gang arbeid for å utvikla plan for friluftslivets ferdselsårer, planen er utarbeidet.. Dette skal sikra god forvaltning av eksisterande ferdselsårer og betre planlegging av nytt nett. Planen skal sikra ferdselsårer knytt til rekreasjon og friluftsliv for eit aldersvenleg Ulvik

Universell utforming legger til rette for et inkluderende samfunn der alle kan delta og være aktive på likeverdig måte uten behov for tilpasning og spesiell utforming. Dersom det tas helhetlige grep tidlig i planleggingen kan man legge til grunn universell utforming som inkluderer alle i den samme løsningen.

1. Dagens situasjon – skap en felles problemforståelse
2. Utfordringer – oversikt over hinder
3. Muligheter – veier vi kan gå
4. Aksjonsliste – aktiviteter og prioriteringer

### Mål og tiltak for å få Ulvik universlet utforma

Mål	ansvar	tidsrom	
Legge til rette for gåande	Kommunalsjef plan, eigedom og teknikk	2023-2026	Fleire universelt utforma benka og bord i sentrum, benk/sittegruppa kvar 200 m av veg mellom sentrum og Hjeltnes. Fleire samlingsplassar langs vegen
Allergivenlege grøne områder	Kommunalsjef plan, eigedom og teknikk		
Universelt utforma badestrand	Kommunalsjef plan, eigedom og teknikk	2023-2024	Etablering av baderampe i Holmen. Etableirign av universelt utforma skiftekabin. Etablering av trillbar tilgang til stranden
Offentlege toalett	Kommunalsjef plan, eigedom og teknikk	2023	God informasjon om offentlege toalett i Ulvik herad, skilting, merking

### Status eit generasjonsvenleg Ulvik

Gjennom å arbeide med mål og tiltak i innsatsområde 1-4 har me som visjon at Ulvik herad skal vere ein god og trygg kommune å verta eldre i. Det er foretatt kartlagt kommunale bygg i forhold til universell utforming og vi har kartlagt uteområder.

Ulvik omsorgstun er tilrettelagt for samlingsplass, for alle, skulemåltid, seniortreff, heradstyre lunsj, møterom for alle, felles arrangemanger.

### Mål og tiltak for at Ulvik herad skal verta meir aldersvenleg

Mål	Ansvar	Tidsrom	Tiltak
Tilretteleggja i reguleringsplan-arbeid for differensiert storleik i bustader	Plan	2023 - framover	Setta føresegner knytt til storleik og utforming av bustader som gjev variasjon i bustadmassen
Tilretteleggja for mjuke trafikantar	Plan	2023 - framover	Sikra eit godt nett av fortau, gang- og sykkelveggar, gangfelt og lyssetting i kommunen.
Rullera eksisterande trafikksikringsplan	Plan, drift, helse, kultur	ila. neste planstrategi 2024-2028	Evaluera noverande trafikksituasjon, og framsetja tiltak for forbetring.
Plan for friluftslivets ferdselsårer	Plan, kultur, helse	ila. neste planstrategi 2024-2028	Utvida eksisterande Sti- og løypeplan for Ulvik.